



Hlm Arkitektur AS
C. Sundts gate 1
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1651 - 20/14684

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
16.03.2020

Igangsettingsløyve for etablering av nye Lindås barnehage - gbnr 108/283 Lindås

Administrativt vedtak. Saknr: 295/20

Tiltakshavar: Alver kommune (Tidl. Lindås kommune)
Ansvarleg søkjar: Hlm Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket knytt til etablering av ny Lindås Barnehage innan reguleringsplan Ny Kommunal Lindås Barnehage/planid.: 1263-201803. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 31.01.2020 med vilkår gjeld for tiltaket.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg
2. Vegmynde si godkjenning av veg og avkjørsle.
3. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være dokumentert oppfylt.
4. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av tiltak knytt til etablering av nye Lindås barnehage.

Kommunen har i vedtak av 31.01.2020 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad mottaken 12.02.2020.

Vilkår i rammeløyve knytt til føresegna § 2.3 A2 VA-rammeplan var først oppfylt 27.02.2020 i sak 20/4872.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 27.02.2020 sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

Vi gjer merksam på rekkefølgekrav gjeve i føresegna til planen § 2.3:

C) Før (mellombels) bruksløyve / ferdigattest kan gjevast til barnehage (o_BBH) skal følgjande delar av planområdet vere opparbeidd og ferdigstilt:

- Utbetring av kryssområdet SKV1 som vist i reguleringsplanen - Fortau o_SF1 - Veg o_SV
- Parkeringsplass o_SPA1
- Justering av veg o_SKV2
- Gangsamband frå o_SF1, gjennom o_BBH og/ eller o_GF1 til o_GT, jf. § 2.6 - Utomhusarealet til barnehagen
- Detaljplan for VA samt at uttak for vatn til brannsløkking være etablert
- Naudsynte tiltak knytt til overvatn eller tiltak i Prestelva, jf §§ 2.3 B) og 6.1

D) Utbetring o_SKV1 Før ferdigstilling av o_SKV1 (kryssområde FV398 x FV400) skal permanent tilkomst til gnr 108, bnr 84 (Veråsvegen 3) vere sikra.

Ved søknad om bruksløyve/ferdigattest for heile, eller delar av tiltaket skal det dokumenterast at rekkefølgekrava er oppfylt.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner slik det går fram av erklæringar og gjennomføringsplan.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/1651

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune (Tidl. Lindås kommune)	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune (Tidl. Lindås kommune)	Postboks 4	5906	FREKHAUG

Mottakarar:

Hlm Arkitektur AS	C. Sundts gate 1	5004	BERGEN
-------------------	------------------	------	--------